

Kunnskapsdepartementet

Vår ref: 2017/565

Vår dato: 07.11.2017

Dykkar ref:

Dykkar dato: 14.08.2017

Høyringsfråsegn til «Forslag om endringar i opptaksforskrifta»

Vi viser til høyring «Forslag om endringar i opptaksforskrifta» frå Kunnskapsdepartementet 14. august 2017. Høyringa gjeld forslag om endringar i forskrifta til Kapittel 2. Generell studiekompetanse (§ 2-3 og § 2-4), Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse (§ 3-6), Kapittel 4. Spesielle opptakskrav (§§ 4-3, 4-5, 4-8 og 4-10), Kapittel 7 Rangering av søkjarar ved opptak (§§ 7-3, 7-9 og 7-11) samt Tillegg 2. oktober 2017 om forslag til endringar i § 7-10.

Kompetanse Noreg har ingen merknader til dei føreslåtte endringane. Vi vil likevel melde inn kommentarar til forskrifta.

Kommentarar til krav om norskferdigheiter for søkjarar med utdanning frå utlandet samt omrekning av norskresultat

Våre kommentarar gjeld i hovudsak krav om norskferdigheiter for søkjarar med utdanning frå utlandet samt omrekning av norskresultat til 1-6-skalaen. For å sikre rettferd for alle søkjarar til høgare utdanning i Noreg, vil Kompetanse Noreg påpeike at det er svært viktig at opptakskravet i norsk blir likt uavhengig av kva for ein norskprøve ein tar, og uavhengig av om ein frå før har vidaregåande skule frå utlandet eller frå Noreg.

Til § 2-2(2): I oversikten over norskprøvar som er godkjende som dokumentasjon på norskferdigheiter under § 2-2 (2) står norskprøven for vaksne innvandrarar som ein av dei godkjende prøvane. Det står ikkje kva for nivå som er krav (B2 på alle delprøvar).

Til kommentarane til § 2-2: I kommentarane til § 2-2, side 4 står det om krav til norsk:

«Til nokre studium er det i kapittel 4 fastsett spesielle opptakskrav med karakterkrav i norsk. Dokumentasjon av norsk på grunnlag av føresegnene i § 2-2 (2) nr. 5 og § 2-2 (3) oppfyller ikkje karakterkrav i norsk utover bestått med karakteren 2.»

Dette følgjer logisk av den gjeldande omrekninga av resultat på norskprøvene, der Test i norsk – høgare nivå og norskprøven for vaksne innvandrarar blir likestilte med karakteren E på Trinn 3-eksamen og rekna om til 2 på 1-6-skalaen. Dette har vi empirisk grunnlag for å hevde er feil. Hausten 2016 og våren 2017 gjennomførte Samfunnsøkonomisk Analyse (SA) på oppdrag av Kompetanse Noreg og med tilslutning frå

Postadresse

Postboks 236 Sentrum
0103 Oslo
Telefon 23 38 13 00
Telefaks 23 38 13 01

Besøksadresse

Karl Johans gate 7, Oslo
Rådhusgaten 2, Bergen

Internett: www.kompetansenorge.no

E-post: postmottak@kompetansenorge.no

Org.nr.: 974 788 985

Kontonr.: 8276 01 00389

Sakshandsamar

Vigdis Lahaug
seniorrådgiver

Samordna Opptak, ei undersøking av samsvaret mellom opptakskrava i norsk for høgare utdanning. Resultata av undersøkinga var klare og signifikante, og konklusjonane frå SA, tydelege:

«Opptakskravet for kandidater som avlegger Norskprøven er strengere enn opptakskravet for kandidater som avlegger HN-testen, og klart strengere enn opptakskravet for kandidater som avlegger Trinn 3-testen (SA, 2017:8).»

Om omrekning til karakteren 2 for dei ulike norskprøvene konkluderer SA slik:

«Vi finner ingen støtte for at prestasjoner lik B2 på Norskprøven og Bestått på HN-testen bør sidestilles med E fra Trinn 3-eksamen, og bli regnet om til karakteren 2.

Imidlertid finner vi klar støtte for at prestasjoner lik B2 på Norskprøven og Bestått på HN-testen bør sidestilles med karakteren B fra Trinn 3-eksamen, **og bli regnet om til karakteren 4.**» (vår utheving)

Kompetanse Noreg stør denne tilrådinga frå rapporten.

Til kommentarane til § 4-7: Norskprøven for vaksne innvandrarar er ikkje rekna med blant norskprøvene som gjev grunnlag for opptak til lærarutdanningane (side 9). Dersom ein tar råda frå SA til følgje og reknar om B2 på alle delprøvar til karakteren 4, vil norskprøven gje grunnlag for opptak til studium som krev 4 i norsk.

Med venleg helsing

Gina Lund
direktør

Lars Tveiten
seksjonsleder

Dokumentet er elektronisk godkjend og har dermed ingen signaturar